

TEATER VESTLAND

ÅRSMELDING
2022



INNHALD

- 3 Teatersjefen si oppsummering
- 6 Repertoar
- 6 Gratis og uforpliktande verddivurdering
- 8 Are Kalvø Toppar VG-lista
- 10 Katteblues
- 12 Send storm
- 14 Bondetinget
- 16 Kinnaspelet
- 18 Lilla av Jon Fosse
- 20 Raudhette og ulven
- 22 Grevinna og hovmeisteren
- 24 Gjestespel: Hybris, Choreographing Whiteness
- 25 Podcast: Bak maska
- 26 Språkkurs, Regionalt bransjetreff
- 27 Seminar Kulturtanken, Teaterfestivalen i Fjaler
- 28 Scenekunst for barn og unge
- 29 Teaterskule, Sommar/haustferie teaterskule
- 32 Teater og digitalisering
- 34 Nynorskhuset
- 36 Nynorsk scenespråksenter
- 37 Smått og stort
- 39 Statistikk
- 40 Styret sin årsrapport
- 42 Personale, styre og vara
- 44 Rekneskap
- 46 Notar
- 51 Melding frå revisor



TEATERSJEFEN SI OPPSUMMERING AV 2022

Teater Vestland inngår i ein nasjonalt vedteken infrastruktur som består av teater i heile det langstrekke landet vårt, slik at du som tilskodar skal kunne oppleve scenekunst uavhengig om du har valt å busette deg i by eller bygd. Kvifor er teatera sette til å forvalte ressursane til fellesskapet? Eg meiner det viktigaste svaret på det er fordi kultur er ein del av beredskapen i Noreg. Teatera er fellesskapets møteplassar. Som kunstform er teateret unikt fordi det krev at du må vere fysisk til stades. Etter terroren i Paris i november 2015 føreslo den italienske statsministeren Matteo Renzi strakstiltak som ville koste to milliardar euro, halvparten til tryggingstiltak og halvparten til kultur. Renzi sa at løyvingane var ei investering slik at vil skulle hugse kva vi forsvarar: Identiteten vår sett saman av mangfald, dialog og toleranse.

Å oppleve ei teaterframsyning med andre er å utforske kven vi er, kva for samfunn vi skal ha og kva for menneske vi skal vere – saman. Denne måten å fortelje historier på kan endre korleis vi ser på oss sjølve som menneske i verda, sette liva våre i perspektiv, forundre, overraske og utfordre oss, og gi oss nye referansar som vi tek med oss ut i den verkelege verda. Historia har vist oss igjen og igjen at tankane og handlingane til eitt menneske kan endre verda, og teater er ei konstant utforsking av kva det vil seie å leve og vere menneske i verda i dag.

Vi treng teateret som møteplass og kollektiv kunst-oppleving i vår meir og meir isolerte kvardag. Internett er akkurat som teateret ei fantastisk verd, men det er òg ein stad der menneske i si anonyme einsemd kan gjere frustrasjonen om til hat og grove angrep. Motsatsen finst i det å vere til stades og til nærleik og dialog – til dømes i møtet mellom scenekunsten og publikum.

Det er eit paradoks at auka tilgang på informasjon fører til eit stadig meir einssidig bilete av røynda.

Kulturen hjelper oss med å forstå, både våre egne og andre sine liv. Utan kultur vil vi etter kvart misse oss sjølve, for kultur handlar om det genuint menneskelege i oss, om fellesopplevingar, om glede og undring og om å forstå oss sjølve.

Å kjenne på fellesskap og samhøyrsløse med andre, å dele livet, er ei evig drift hos mennesket. Eg trur det er ein menneskeleg ryggmargsrefleks, og Teater Vestland har i heile 2022 arbeidd for å skape gode møteplassar for alle tilskodarane våre i Vestland fylke.

Den interne arbeidstittelen for 2022 var «det store gjenopptakingsåret». Det er ei sanning med store modifikasjonar. Vi tok opp att fire produksjonar frå koronaåret 2021. Dei fortente eit lengre liv og å bli sett av fleire. På vårt eige repertoar hadde vi gjensyn med «Toppar VG-lista» av og med Are Kalvø. Med utgangspunkt i eit knippe songar som har toppa VG-lista dei siste femti åra, prøvde Kalvø i denne framsyninga å forstå vår tid og å finne meininga med livet. «Toppar VG-lista» handla om liv, død, politikk, religion, kjærleik, venskap, kriser og menn i altfor små shortsar. Og om song og dans.

For born tok vi opp att dei kritikarroste barneframsyningane «Katteblues» og «Raudhette og ulven». I meldingane blei tema i framsyningane tolka til å ta opp mellom anna samværsrett, å vere åleinemor, kjøttforbruk, rovdyrpolitikk, incels, venskap, miljøvern og utanforskap. Begge framsyningane hadde hovudkaraktarar som ikkje ga opp, men som fann mot til kjempe vidare når det såg ut som om alt var tapt. I tillegg sende vi «Bondetinget» ut av fylket på to gjesteturnear, først i Møre og Romsdal med Teatret Vårt og deretter i Trøndelag med Turnéteatret i Trøndelag. Framsyninga var del av «den politiske hausten» 2021 ved Teater Vestland. Den vart produsert for publikum i Vestland, men lodda djupt i problemstillingar som er gyldige over heile landet. Framsyninga har òg i 2022 ført til store debattar i mellom anna Bondelaget og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

I tillegg til dei fire oppattakingane produserte vi fire nye framsyningar i 2022. Vi tok nokre av dei beste vestlandsforfattarane til scenen: Marit Eikemo med «Gratis og uforpliktande verdivurdering», Jon Fosse med «Lilla» og Jakob Sande med «Send storm» - alle med nykomponert samtidsmusikk. Framsyningane «Gratis og uforpliktane verdivurdering» og «Lilla» sette mellom anna overgrep, samlivskommunikasjon og ufrivillig barnløyse på dagsordenen. I tillegg laga vi «Grevinna og hovmeisteren», ein komedie som evna å tematisere krenkesamfunnet, cancel culture (scenenekt-kulturen), sensur og heile debatten om kva vi kan tillate oss å seie frå ein scene. I sum tematiserte oppattakingane og nyproduksjonane kva det vil seie å vere menneske akkurat no.

Eg ønsker òg å dra fram samarbeidet med danseskunstnaren Jonas Øren frå Høyanger. Framsyninga «Hybris - Choreographing Whiteness» markerte skeivt kulturår og vart spelt for fulle salar med ungdommar.

Eg vil takke alle scenekunstnarane som har nytta kunstnarskapen og kompetansen sin til å skape denne vifta av viktige, utfordrande, overraskande, morosame, underholdande, provoserande og rørende framsyningar i 2022.

Det kan vere fort gjort å gløyme at vi framleis stod i ein pandemi våren 2022. Å jobbe med teater – denne augeblikkskunsten – gjennom ein pandemi er å vere i eit kontinuerleg spenn. I retrospektiv kan vi kanskje seie at

vi hadde eit naivt syn på kva det vil seie å gå gjennom ein pandemi i moderne tid. Naivt i den forstand at vi trudde alt ville gå tilbake til normalen, så snart samfunnet berre opna opp att. Men åra med verdsomspennande sjukdom og frykt påverka oss både som enkeltmenneske og samfunn. Ikkje alle ringverknadene var moglege å føreseie, og det var krevjande.

Etter pandemien såg vi endra kulturvanar, og det er kanskje ikkje så rart. Det som vi på teateret lever av og er avhengig av at folk er komfortable med – å sitje saman i ein mørk sal – det hadde vi vore redde for i to år. Det tek tid å kome tilbake. Det skjer ikkje over natta.

I denne situasjonen er eg stolt av å kunne seie at vi hadde eit år med veldig høg aktivitet og eit år i samarbeidets ånd. Vi hadde ei brei vifte med framsyningar som rørte og underheldt publikum, og som sette samfunnet i perspektiv. Framsyningar som gav oss nye tankar om verda og nye måtar å sjå oss sjølve på. Eg er stolt av at vi drog i lag. I ei annleis tid krevst annleis innsats. Vi strekte oss langt for å nå publikum, òg på nye måtar. Mellom anna sende vi ein «dobbeldekkar» ut på vegen, to framsyningar på ein kveld i grendehus i heile Vestland. Vi fann nye måtar å turnere på, og vi utforska korleis vi kunne gi eit best mogleg teatertilbod på turné til heile Vestland fylke.

2022 var det siste heile året Teater Vestland heldt til i Førdehuset. Flyttinga til Nynorskhuset skjer våren 2023, med offisiell opning i september. Det blir den største

nynorskkynga i landet og starten på eit nytt kapittel for teateret. I 2022 heldt vi fram arbeidet med Nynorskhuset med full kraft. Den fem år lange prosessen med å få Nynorskhuset på plass har hatt brei politisk støtte, både frå staten og eigarane (Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune). Denne støtta har vist att, ikkje berre i festtalar, men òg i løyvingane frå staten og eigarane.

Vi fekk oss ein støkk då forslaget til statsbudsjett for 2023 vart lagt fram i oktober 2022. Dei venta og naudsynte ekstraløyvingane til husleige var ikkje på plass. Staten truga med å trekke seg på målstreken, og det fekk både ordførar Jenny Følling, fylkesordførar Jon Askeland og meiningsberande folk og politikarar i og frå Vestland generelt til å reagere skarpt. Heldigvis nådde vi fram med eit intenst arbeid overfor dei politiske miljøa. Då revidert statsbudsjett vart lagt fram i november, var løyvingane inne på budsjettet. Vi er svært takksame for alle som bidrog til å gjere dette mogleg.

At det er brei politisk vilje bak Nynorskhuset gir viktige signal om kva rolle teateret skal ha i samfunnet.

Vi lever i ei usikker tid, der vi står ovanfor fleire store kriser samstundes. I denne røyndomen skal teateret vere ein naturleg og viktig møteplass.

Saman med NRK Vestland og Mediehuset Firda flyttar teateret inn i eit hus som vil bli ein bastion for ytringsfridom, debatt og opplysing.

I 2022 gjorde Teater Vestland eit omfattande arbeid knytt til korleis vi nyttar nynorsk som scenespråk i produksjonane våre, og vi systematiserte arbeidet teateret har gjort i fleire tiår når det gjeld å spele på nynorsk og vestnorske dialektar. Som eit av tre nynorskteater i Noreg er det naudsynt at vi har eit medvite forhold til korleis nynorsk blir nytta på scenen. I september starta vi ei utgreiing av Nynorsk scenespråksenter. Målet er å etablere senteret i Nynorskhuset i 2024, i eit samarbeid med Nynorsk Avissenter og Nynorsk Mediesenter. I Prop. 108 L (2019 – 2020) Lov om språk står det mellom anna at «Språkleg mangfald er viktig for demokratiet.

Det representerer kulturell rikdom og kan motverke politisk einsretting.» Vi meiner at eit målmedvite arbeid med nynorsk og scenespråk, og auka bruk i form av fleire produksjonar og fleire framсыningar, vil vere med på å styrke demokratiet. Eg er stolt av det utgreiingsarbeidet som blei gjort i 2022, og vil nytte høvet til å takke Terje Lyngstad og Elbjørg Lognvik for deira bidrag i dette viktige, språklege arbeidet.

Som regionteater forvaltar vi midlane til fellesskapet, og kjerneverksemda vår er å produsere og turnere med teater. Men vi ønsker òg å vere ein møteplass utanom framсыningane våre, og bransjen vår har behov for ein møteplass.

I 2022 har vi mellom anna arrangert kurs i å spele på nynorsk for frilansarar, og vi var vertskap for teateret sitt første bransjetreff. Vi samarbeidde med Kulturtanken om fagsamtalene deira, og vi bidrog til Teaterfestivalen i Fjaler. Eg vil takke alle samarbeidspartnarane som gjorde dette viktige arbeidet mogleg.

Teater Vestland vil sjå framover og vere med på å bidra til neste generasjon sitt samfunnsengasjement. Nasjonalt kompetansesenter for kultur, helse og omsorg heldt i 2018 eit seminar om teater og psykisk helse og viser til forskingsprosjektet «Participatory theatre and mental health recovery: a narrative inquiry», som peikar på fleire viktige effektar: Kjensle av auka tilknytning til ei gruppe, meir optimistisk syn på framtida, forsterka personleg identitet, kjensle av ny mening med livet - «empowerment» - kjensla av større personleg styrke og større sosialt mot. I 2022 samarbeidde vi med Sunnfjord kulturskule og Vestlandske Teatersenter om slike fritidstilbod for barn og unge i teater på ulike måtar, og eg vil rette ein spesiell takk til dei begge. Teater Vestland vil halde fram med å jobbe for å skape eit heilårleg tilbod for born og unge i vår del av Vestland Fylke. Vi har von om at det vil føre til nye generasjonar med modige samfunnsborgarar og at det og vil vere starten for kunstnarskap frå Vestland, både på og bak scena.

Pandemien førte med seg mange utfordringar, men òg nokre moglegheiter. Vi fekk ein dytt til å sjå på eigen praksis og bruk av teknologiske nyvinningar. Teater Vestland har vore heilt framme i skoen og er i gang med år to av Teater og digitalisering, eit stort prosjekt saman med

Nordland Teater, der vi utforskar moglegheitene som ligg i ny teknologi, både som verktøy i teaterproduksjon og som utforsking i teaterframсыningar. Prosjektet har fått støtte frå Kulturrådet.

Teater Vestland har 23 fast tilsette i tillegg til eit stort tal frilansarar som kvar dag arbeider for å skape teaterframсыningar av høg kunstnarleg kvalitet. Det er mellom anna snikkarar, skreddarar, metallarbeidarar, bussjåførar, økonomar, regissørar, scenografar, komponistar, skodespelarar, marknadsførarar, teknikarar, koreografar, lysdesignarar, produsentar, inspisientar, rekvisitørar og målarar.

Saman arbeider vi for å skape heilt unike teateropplevingar som vi skal dele i det fellesskapet ei teaterframсыning er når ho er ferdig.

Difor vil eg avslutningsvis takke alle som har skapt teateropplevingane på teateret dette året, både dei fast tilsette og alle frilansarane, og ikkje minst publikum som kom for å sjå!



Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef



GRATIS OG UFORPLIKTANDE VERDIVURDERING

Premiere 28. januar 2022
Førdehuset, Teatersalen

Tal framsyningar: 18
Avlysingar: 5
Besøktal: 1120
Formidlingsaktivitet: 1

KUNSTNARLEG LAG

Forfatter **Marit Eikemo**
Dramatikar **Mari Hesjedal**
Regissør **Linn Meyer Kongshavn, Cecilie Grydeland Lundsholt**
Scenograf og kostymedesignar **Mari Lotherington**
Komponist **Marianne Stranger**
Lysdesignar **Krystian Myska**
Dramaturg **Miriam Prestøy Lie**
Ansvar for scenisk språkovergang **Terje Lyngstad**
Medverkande **Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen, Carina Furseth, Peder Lauvås**

PRODUKSJON

Kostyme **Kristina Vikøren**
Rekvisitt **Reidun Støring**
Scenografi **Kjell Furevik, Halldor Horne, Odd Magne Herland, Tore Eide, Synnøve Ringdal**
Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Kjell Mjelleli, Heidi Hattestein**
Plakatfoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**

TURNÉLAG

Turneleiar **Halldor Horne**
Inspisient/teknikar **Christina Schwanitz**
Teknikar lyd **Robert Tomkiewich**
Scenemeister/ teknikar lys **Krystian Myska**
Rekvisitør/teknikar **Jan Tjønneland**
Sjåfør/teknikar **Odd Magne Herland**



«Velspelt og vellukka dramatisering av ein moderne klassikar.»

- Dag og Tid

«Ei påtrengande og kraftfull teateroppleving som gjer at vi får auge på vårt eige liv.»

- Norsk Shakespearetidsskrift

«Det er klasse over samspelet mellom Losnegård og Ottersen.»

- Scenekunst.no

«Vellykket sceneadaptasjon om jakten på det perfekte hus og liv.»

- Bergens Tidende

«Mykje å le av og mykje å kjenne seg att i.»

- NRK

«Dette stykket er noko for alle.»

- Firda



JUSTIN BIEBER

Do They Know It's Christmas?

JUSTIN BIEBER

BY



ARE KALVØ

TOPPAR VG-LISTA

ARE KALVØ TOPPAR VG-LISTA

Nypremiere 26. mars 2022
Førdehuset Teatersalen

Tal framsyningar: 11 (58*)
Besøkstal: 1 551 (10 794*)

KUNSTNARLEG LAG

Av **Are Kalvø**
Regissør **Erik Ulfsby**
Scenograf og kostymedesignar **Unni Walstad**
Lysdesignar **Per Willy Horn**
Dramaturg **Ingrid Weme Nilsen**
Medverkande **Are Kalvø, Benedicte Søreng, Ståle Sletner**

PRODUKSJON

Scenografi og kostyme **Det Norske Teatret**
Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Kjell Mjelleli, Heidi Hattestein** og **Det Norske Teatret**

TURNÉLAG

Teknikar/sjåfør **Halldor Horne**
Inspisient/turneleiar **Reidun Støfring**
Teknikar lyd **Robert Tomkiewicz**
Teknikar lys/scenemeister **Krystian Myska**
Teknikar **Svein Yngve Haukeland**

Are Kalvø Toppar VG-lista er ein samproduksjon mellom Det Norske Teatret og Teater Vestland, i samarbeid med Are Kalvø.

**DET
NORSKE
TEATRET**

**tal samarbeidspart*



KATTEBLUES

- EIT BLUEGRASSEVENTYR

Nypremiere 1. april 2022
Førde, Viking ungdomshus

Tal framsyningar: 24
Besøktal: 596

KUNSTNARLEG LAG

Regissør **Cecilie Grydeland Lundholt**
Musikalsk univers **Idun Losnegård, Jakob Wyrzt**
Idé, konsept og visuelt uttrykk **Cecilie Grydeland Lundholt**
Visuell konsulent **Marianne Stranger**
Medverkande **Idun Losnegård, Jakob Wyrzt**

PRODUKSJON

Kostyme **Anna Wingård**
Rekvisitt **Reidun Støfring**
Scenografi **Synnøve Ringdal, Charlotte Rintler**
Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Kjell Mjelleli, Heidi Hattestein**
Plakatfoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**


TURNÉLAG

Turneleiar/ teknisk lys **Synnøve Ringdal**
Teknikar lyd/ sjåfør **Espen Nordheim, Thomas Hocking**

«Katteblues» er produsert av Teater Vestland
i samarbeid med Sunnfjord kulturskule.



Sunnfjord
kommune
KULTURSKULEN



«Teater Vestland fortset å imponere med sine forseggjorde framsyningar for barn.»

«Området rundt Førde, som er hjemstedet til Teater Vestland, og nærliggende Fjaler med sin teaterfestival, fremstår som et episenter for nyskapende scenekunst for tiden.»

«Publikum blir rett og slett en del av forestillingen, omdøpt til Førde blandakor, og det unge publikummet får sterke oppfordringer om å gjøre mye ut av seg. For eksempel stå på benkene mens de skal syngere refrenget så høyt de klarer. Det er åpenbart populært blant det unge publikummet.»

- BT


«Katteblues, eit bluegrass-eventyr som blir levande og godt fortalt og framført av Idun Losnegård og distriktsmusikar Jacob Wyrzt. Gode stemmer og gode rytmer. Bluegrassmusikken er vandraren sin musikk. Dei to aktørane spelte godt saman og hadde heile tida god kontakt med publikum. Både borna og dei vaksne var med på songane.»

- Fjordingen



«Kulissene på scenen på Viking ungdomshus i Førde ga nærmest illusjonen av at vi befant oss i en hule. Den grotteaktige og fuktige stemningen ble underbygget av de våte og naturliknende lydene fra musikeren Losnegård. Det er i det hele tatt en gjennomført fargepalett på scenen, og hvert av diktene får lyder og lys som underbygger tematikken.»

«Send storm er en fremoverlent forestilling og en åpenbar tilgjengeliggjøring av diktene, uten at det fremstår som krampaktig eller i overkant ungdommelig av den grunn.»
«De lar det aldri være noe tvil om at det er diktene som skal skinne denne kvelden, og det er det grove, det voldsomme og alvorlige i diktene som blir fokusert mest på.» - BT



SEND STORM

JAKOB SANDE - EIN DIKTKONSERT

Premiere 18. mars 2022
Førde, Viking ungdomshus

Tal framsyningar: 30
Besøkstal: 908

Dikt av **Jakob Sande**
Idé og konsept **Idun Losnegård**
Regissør **Cecilie Grydeland Lundsholt**
Komponist, lyddesignar og musikal **Viljar Losnegård**
Visuelt uttrykk **Marianne Stranger**
Lysdesignar **Krystian Myska**
Medverkande **Idun Losnegård, Viljar Losnegård**

PRODUKSJON
Kostyme **Kristina Vikøren**
Rekvisitt **Joanna Jasek**
Scenografi **Kjell Furevik, Synnøve Ringdal**
Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Kjell Mjelleli, Heidi Hattestein**
Plakatfoto/uttrykk **Espen Nyttिंगnes/Univerket**

TURNÉLAG
Turneleiar/teknikar lys **Synnøve Ringdal**
Teknikar lyd/sjåfør **Espen Nordheim, Thomas Hocking**

«Send storm» er ei vidareutvikling av den nyskapande framsyninga «Lengt» av Losnegård og Losnegård, utvikla etter idé av Idun Losnegård og i samarbeid med Jakob Sande-senter for forteljekunst og Teater Vestland.

 FOLKEAKADEMIET





BONDETINGET

Turnépremiere Austlandet: Ås, 01.04.2022

Turnépremiere Møre og Romsdal: Breidablikk, 20.04.2022

Turnépremiere Trøndelag: Verdal, Teaterhuset 05.11.2022

Tal framsyningar: 36

Besøkstal: 1437

KUNSTNARLEG LAG

Dramatiker og regissør **Torkil Sandsund**

Dramaturg **Aslak Moe**

Lysdesignar **Krystian Myska**

Visuelt uttrykk **Torkil Sandsund**

Dekormålar **Charlotte Rintler**

Medverkande **Kyrre Eikås Ottersen**

PRODUKSJON

Kostyme **Anna Wingård**

Rekvisitt **Reidun Støfring**

Scenografi **Kjell Furevik, Reidun Støfring, Charlotte Rintler**

Plakاتفoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**

TURNÉLAG AUSTLANDET

Turneleiar/ sjåfør/lysteknikar **Odd Magne Herland**

Sufflør/ tekniker **Frida Kveane**

Turnélag Møre og Romsdal: Teatret Vårt

Turnélag Trøndelag: Turneteatret



TURNÉTEATRET
I TRØNDELAG

TE
ATRE
TVÅRT

Einmannsopprøret

Det siste året har skodespelar Kyrre Eikås Ottersen turnert med *Bondetinget* gjennom tre fylke og ein svipptur til Austlandet. Han står heilt åleine på scena i den to timar lange framsyninga.

Laurdag 3. desember vart trøndelagsturneen avslutta på historisk grunn på Hitra, i same gymnsalen der Hitraopprøret starta i 1975. Hitraopprøret var ein skattestrek blant bønder.

Bondetinget av Torkil Sandsund er dokumentarteateret som vart ein snakki over heile landet då Teater Vestland sette det opp i fjor.

Kyrre Eikås Ottersen gestaltar ei rekke historiske personar, deriblant Jan E. Mellbye, Einar Gerhardsen og ikkje minst Helge Berge, som er ein gjennomgåande karakter i stykket. No avdøde Berge såg kva som var i ferd med å skje, og han prøvde å varsle: Bøndene forsvinn, spesielt på dei små bruka, og med dei forsvinn livsgrunnlaget i bygdene. Sidan krigen har 9 av 10 bruk blitt lagde ned.

Bondetinget dykkar ned i historia med fokus på dei dramatiske 1970-åra og inviterer til ei granskning av paradoksa mellom uttalt landbrukspolitikk og dei faktiske resultatane: nedlagde gardsbruk og utarming av bygdene. Framsyninga peikar på at stortinget og Bondelaget står bak ei styrt avvikling av jordbruket.

Bondetinget vekker nasjonal oppsikt. Teateret er blitt kontakta frå alle landets fylke med spørsmål om å få framsyninga på utlån, og det

har vi strekt oss langt for å få til, innimellom andre roller Kyrre har fylt i året som har gått.

Når status skal gjerast opp, ser turnerapporten til *Bondetinget* slik ut:

- *Hausten 2021*: Turné i Vestland
- *Våren 2022*: Mini-turné på Austlandet (Ås, Oslo og Hokksund) med Teater Vestland
- *Våren 2022*: Turné i Møre og Romsdal med Teatret Vårt • *Hausten 2022*: Turné i Trøndelag med Turneteatret i Trøndelag

– Å avslutte på Hitra var fint. Folk kom langvegsfrå, og nokre kom for tredje gongen. Lokale bønder kom, og blant dei nokre som var med på Hitraopprøret, seier Kyrre Eikås Ottersen.

I ein måned har Kyrre køyrt Trøndelag på kryss og tvers. Trondheimsfjorden med små bruk har mint han om Sognefjorden. Store, flate åkrar i indre Trøndelag har understreka kor forskjellig Trøndelag er frå Vestland.

Turen har gitt Kyrre rom til å tenke.

– Eg har tenkt på alle småbruka som eg har sett på køyreturane; tomme, aude og attgrodde. Og så har eg tenkt på alle dei som har budd der, og alt dei har bidratt med til lokalsamfunna. Det er trist at det ikkje skal vere grunnlag for drift på desse gardsbruka, seier han.



På fleire av spelestadene i Trøndelag har det vore lagt opp til debatt etterpå, også på Hitra, og støtt har det same temaet kome opp: Kor viktig det er å drive jorda, og korleis systemet kunne vore innretta på ein annan måte. Burde det vore ei slags grunnløn for å drive jorda her i landet?

Som sagt, mykje å tenke på. Hender det at han blir motlaus?

– Eg vil kanskje ikkje bruke eit så sterkt ord som motlaus. Det finst ei motkraft. Småbrukarlaget har kome i ein slags posisjon og prøver å seie ifrå om korleis ting er. Så får dei kjeft fordi dei er lite konstruktive og kjem med for få gladsaker; det er jo gladsaker landbruksminister Sandra Borch vil ha. Men det går ikkje an å sminke på verkelegheita.

Eg håper Småbrukarlaget vil halde fram med å seie ifrå, og at dei etter kvart får gehør, seier han. Overalt har folk kome og snakka med Kyrre etter framsyninga. Nokre tilbakemeldingar går att:

- *Bondetinget* er folkeopplysning på høgt plan.
- Det som kjem fram i stykket er rett og etterretteleg.
- Ein historisk augeopnar, men samstundes ubehageleg dagsakutelt.

Å spele ein monolog kan følast einsamt. Det kjende nok Helge Berge på òg, i sin kamp. Grensene mellom skodespelaren og mannen han spelar blir viska litt ut.

La oss kalle det eit einmannsopprør mot systemet.





KINNASPELET

- SONGEN VED DET STORE DJUP

18.-19. juni

Tal framsyningar: 3
Besøktal: 1908

KUNSTNARLEG LAG

Av **Rolf Losnegård**

Komponist **Per Janke Jørgensen**

Regi **Oda Alisøy**

Inspisient **Jenny Pettersen**

Teknikar **Odd Magne Herland**

Lydteknikar **Robert Tomkiewicz**

Sminke/frisør **Polina Parasochka**

Musikalsk ansvarleg **Harald Dahlstrøm**

Medverkande **Reidun Melvær Berge, Kyrre Eikås Ottersen, Idun Losnegård,**

Per Bogstad Gulliksen, Peder Lauvås

Musikarar **Harald Dahlstrøm, Arne Hammer, Rolf Prestø, Henning Hogne Mjanger**

Plakatfoto **Arne Stubhaug/Natvik**

150 frivillige og amatørar

Produsert i samarbeid med Kinnaspelet





LILLA

Tal framсыningar: 18
Besøkstal: 635
Formidlingsaktivitet: 1

KUNSTNARLEG LAG

Av **Jon Fosse**
Regissør **Martin Lotherington**
Visuelt uttrykk **Martin Lotherington**
Komponist **Tobias Grønberg**
Lysdesignar **Krystian Myska**
Medverkande **Harald Nødtvedt Ottesen, Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen, Katrine Lunde Mackenzie og Rune Sæter**

PRODUKSJON

Kostyme **Kristina Vikøren**
Rekvisitt **Synnøve Ringstad**
Scenografi **Svein Yngve Haukedal, Kjell Furevik**
Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Kjell Mjelleli, Heidi Hattestein**
Plakatfoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**

TURNÉLAG

Turneleiar/ sjåfør **Halldor Horne**
Inspisient/lysteknikar **Krystian Myska**
Teknikar lyd **Robert Tomkiewicz**
Scenemeister/teknikar **Svein Yngve Haukedal**



INFERNO À LA FOSSE

«Det er som om vi skjønner meir om vår eiga plassering i verda gjennom det store i den vesle forteljinga. Alt er filtrert gjennom menneska, gjennom karakterane.»

– Norsk Shakespeareetidsskrift

**MØRKT FOSSE-TEATER
OM SÅRBART UNGDOMSLIV**

«Det var akkurat så sitrande rått og samstundes poetisk som Fosse vil ha det. Skodespelarane framførte intimteateret sitt med glans, i forfatternes si ånd. Kvar einaste ord, kvar einaste replikk hadde djupnad og kraft.»

– Fjordingen

**LITT KOMISK,
MEST KLAUSTROFOBISK**

«Intensiteten til dei fem karakterane på scena gjer et eg gløymer at dette er teater. Eg vert så riven med at eg får ein sterk trong til å forlate salen.»

– Scenekunst.no



«Det mest påfallende ved iscenesettelsen er motet til å gå inn i både det alvorlige, groteske og farlige – og at temaene behandles på en måte som ligger tett opp til barns naturlige dramatiske lek. Det er både overskridende og komisk og gjør det lettere å tåle at

aktuelle temaer som samværsrett, å være alenemor, kjøttforbruk, rovdyrpolitikk, incels og til og med en keisersnitt-aktig frigjøringsscene skal presses inn i det kjente eventyrnarrativet.»

– Periskop

«Raudhette og ulven i "girlpower"-versjon.»

– Firda

«Grøn Raudhette tek saksa i egne hender.»

– Norsk Shakespearetidsskrift



RAUDHETTE OG ULVEN

Tal framсыningar: 21
Besøktal: 3 399
Formidlingsaktivitet: 4

KUNSTNARLEG LAG

Regissør **Alex Byrne**

Regi oppattaking **Elisabet Topp**

Scenograf og kostymedesignar **Mari Lotherington**

Lysdesignar **Krystian Myska**

Komponist **Gregory Hall**

Musikalsk ansvarleg **Bård Watn**

Dramaturg **Elisabet Topp**

Omsetjing **Terje Lyngstad**

Medverkande **Idun Losnegård, Anne Wiig, Bård Watn, Katrine Lunde Mackenzie**

Kostymetilpasningar **Kristina Vikøren, Hugo Syvertsen**

Scenografi **Kjell Furevik, Halldor Horne, Tore Eide, Odd Magne Herland, Synnøve Ringdal**

Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Heidi Hattestein**

Plakatfoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**

TURNÉLAG

Turneleiar/sjåfør **Halldor Horne**


Scenemeister/lysteknikar **Krystian Myska**

Teknikar lyd **Robert Tomkiewicz**

teknikar **Svein Yngve Haukedal**



**Den kulturelle
skulesekken**



GREVINNA OG HOVMEISTEREN

Tal framсыningar: 27
Besøkstal: 1165

KUNSTNARLEG LAG

Regi og visuelt uttrykk **Bjørnar Lisether Teigen**

Dramatikar **John Fiske**

Basert på «Dinner for one» av **Lauri Wylie**

Lysdesignar **Krystian Myska**

Omsetjing til nynorsk **Terje Lyngstad**

Medverkande **Peder Lauvås og Harald Ottesen Nødtvedt**

PRODUKSJON

Kostyme **Ingvill Fjeldstad, Hugo Syvertsen, Joanna Jasek**

Rekvisitt **Joanna Jasek**

Scenografi **Reidun Støfring, Svein Yngve Haukedal**

Marknad **Lene Grande, Marion Aas Wie, Heidi Hattestein**

Plakatfoto/uttrykk **Espen Nytingnes/Univerket**

TURNÉLAG

Turneleiar/teknikar **Reidun Støfring**

Lysteknikar/sjåfør **Odd Magne Herland**

Scenemeister/teknikar **Svein Yngve Haukedal**



LETTBEINT

– AKKURAT SOM LOVA

«Grevinna og hovmeisteren er Teater Vestland på sitt mest folkelege. Her er det mykje å hente, både for dei som vil utfordre eigen etikk, og for dei som berre er ute etter ein latter før julebordet.»

– Firda

SÅ IDIOTISK AT DET BLIR BRA

«Forestillingen ser ut til å navigere etter mottoet «det er ikke bra før det er litt dårlig» og ofte er forestillingen på sitt aller beste når den er aller teitest.»

– Bergens Tidende

«Eg trur, utan å vere heilt bastant, at dei fekk til å diskutere krenke-samfunnet utan å krenke nokon.»

– Firda

«Stykket tek krenkedebatten på kornet... Dette fenomenet vert på nyare norsk kalla «andregradskrenka» eller sagt på ein annan måte; den som er krenka på vegner av andre. Kva kan vi tore å le av?»

– Kulturbloggar Hans Jakob Reite

HYBRIS CHOREOGRAPHING WHITENESS

Tal framsyningar: 2
Besøktal: 266
Formidlingsaktivitet: 1



Foto: Christian Landberg/Dansenhus

Gjestespelet vart mogleggjort med støtte frå Kulturrådet, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (50.000 kr som teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt tok imot) og Sunnfjord Kommune.

Sofjor Pride ved Sandra E. K. Tenus var moderator for ein prat på scenekanten med elevar frå Firda vidaregåande skule. I tråd med ønska til dansekunstnaren vert inntektene frå framsyningane donerte til interesseorganisasjonen Skeiv Verden.

Personleg og sjølvopplevd

I 2022 var det 50 år sidan straffelov paragraf 213 vart oppheva og det vart avkriminalisert å vere homofil i Norge; ein milepæl i norsk historie som vert markert og feira over heile landet i Skeivt kulturår 2022. Retten til å elske den ein vil vert feira. Men skeivheit omfattar meir enn seksualitet. Heile tida fortel vi historier om kven vi er. Det er ein ryggmargsrefleks hos oss menneske. For Teater Vestland er det viktig at skeive stemmer innanfor kunsten når ut til eit breitt publikum, og at kulturtilbodet i fylket er mangfaldig og får fram eit spekter av stemmer som ikkje naudsynt er knytte til dei store institusjonane.

Om Hybris – Choreographing Whiteness:

Danseframsyninga handlar om å trekkast mot det som er annleis, fordi ein sjølv føler seg annleis. Prosjektet er autobiografisk og kjem frå Jonas Øren si forståing av styrke i ung alder. Historia starta på guterommet og er bygd opp av eit behov for noko som manglar. Som skeiv tenåring vaks Jonas opp i industristaden Høyanger, der han fann tryggleik i noko som han opplevde som annleis fordi han, som skeiv/homofil, også følte seg annleis. Jonas fann styrke i eit kroppsleg og verbalt språk.



Så glad kan ein teatersjef bli! Cecilie Grydeland Lundsholt med sjekken frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Då Jonas Øren kom ut av skapet, var han rundt 18 år og budde i Oslo. Han tok mot til seg ein kveld han var heime hos foreldra i Høyanger. Dei vart begge glade – nesten letta – då Jonas omsider torde å fortelje med ord kven han er.

Hybris – Choreographing Whiteness er eit danseprosjekt som spring ut frå det personlege og sjølvopplevde. Det fortel om kva rørsle som gir mening i ein kropp som ikkje alltid føler seg heilt på plass. Danseframsyninga set homofili og skeiv kultur opp mot svart kultur og den melaninrike kvinna i populær- og hiphop-kulturen. Kva for rørsler, språk og lyd er det desse figurane har til felles. Og kvifor er dette noko felles?

Det handlar om motstand, om sjølvbekrefting og om å vere stolt. Framsyninga undersøker korleis dette har blitt populærkulturelle fenomen som vi alle kjenner gjennom musikk, film, mote og teater. Danseframsyninga er relevant fordi ho tek utgangspunkt i det lokale, skeive perspektivet sett opp mot det verdslege og universelle.

PODKAST: BAK MASKA

Teater Vestland sin podkast har fått tittelen Bak maska, og det er nett det vi vil; komme bak det du ser ved første augkast og snakke oss varme om kunstforma vi elsker.

Podkasten Bak maska vart starta i 2021, og i 2022 spelte vi inn fem episodar. Podkasten har utvikla seg til ei flate for å «nerde» om scenekunst. Det er i stor grad teatersjefen som set agendaen og inviterer til dialog.

Målet med Bak maska er å ha eit rom *med* dei som brenn for å skape gode teateropplevingar *for* alle som er interesserte i å høyre meir om teater. Kva driv dei som skapar teater-

opplevingane vi inviterer publikum til å komme og sjå? Kva er ambisjonane for framsyningane? Bak maska tar temperaturen på scenekunsten og kunstnarane som skapar den.

Podkasten er produsert av Rakkar og distribuert via Sprei, den lokale innhaldsplattformen i Sunnfjord. Ein kan òg høyre den på strøymetenester som YouTube og Spotify.



EPISODE 6: Frå bok til teater med regissør Linn Meyer Kongshavn (Gratis og uforpliktande verddivurdering)



EPISODE 7: Jakob Sande diktkonsert med to blad Losnegård, Idun og Viljar (Send storm)



EPISODE 8: Teater og ny teknologi med Birgitte Strid, teatersjef ved Nordland Teater



EPISODE 9: Vil ikkje lage rebus av Jon Fosse med regissør Martin Lotherington (Lilla)



EPISODE 10: Kva kan vi le av i dag? Med regissør Bjørnar Lisether Teigen (Grevinna og hovmeisteren)

EI INNHALDSRIK VEKE I SUNNFJORD

I veke 36 arrangerte Teater Vestland kurs i dialektovergang og teaterets første bransjetreff. Vi samarbeidde med Kulturtanken om fagsamtalene deira, og vi bidrog til Teaterfestivalen i Fjaler.

KURS: Å SPELE PÅ NYNORSK EKTE OG LEVANDE

Den innholdsrike veka starta på teateret med kurs i dialektovergang. Kurshaldar Eldbjørg Lognvik lærer vekk ein systematisk metode som kan nyttast uansett kva språk eller dialekt ein skal legge om til på scena.

14 personar deltok, i tillegg til tidlegare teatersjef Terje Lyngstad. Han er prosjektleiар for utgreiinga av Nynorsk scenespråksenter og har dei siste åra hjelpt mangeskodespelarar med Sunnfjord-dialekta. Han var på kurs for å få fagleg påfyll.

– Eg lærte ein del teknikkar som eg kan nytte i mitt eige arbeid. Dialektene er så ulike.

Nokre går opp og nokre ned, og nokre er veldig flate. Det handlar om å bevege seg i takt med dialektene og få dei inn i kroppen. Det var ein augeopnar for meg kor viktig dette er for at språket ikkje skal stå i vegen for rollefiguren, seier Terje Lyngstad.

Tilbakemeldinga frå deltakarane var at det er behov for denne kunnskapen. Mange fleire enn det var plass til søkte seg til kurset.

Kurset vart arrangert av Teater Vestland i samarbeid med Norsk Skuespillersenter



Teatersjef Lundsholt og kurshaldar Lognvik saman med deltakarane Benjamin Lønne Røslar, Helene Nordbye Nybø, Andreas Vedvik, Kristine Hagensen, Maren Sennels Jenssen, Siri Gussiaas, Roseane dos Reis, Julie Marie Frogner, Peder Lauvås, Carina Furseth, KatrineLovise Øpstad Fredriksen, Christina Marie Hjelén Strøm, Nina Rosenlund, Sandra Edvardsen



Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt er stolt vert for det første bransjetreffet i teaterets historie. Desse deltok: Lisa, Nøttseter, Millan Elisabet Persdotter Persson, Raymond Corrado Knutsen, Roseane dos Reis, Ingrid Saltvik Faanes, Tone Ekerhovd, Wilhelm Støylen, Peder Lauvås, Carina Furseth, Ine Terese Hogstad, Brita Grov, Kari Standal Pavelich, Lilian Maria Bjertnes, Frida Noris Kveane, Roskva Yasmin Andersen, Sara Torsvik

REGIONALT BRANSJETREFF

Bransjetreffet gjekk over to dagar og to kommunar. Programmet starta i Førde i Sunnfjord og enda i Dale i Fjaler.

– Programmet var fylldig, fagleg relevant og interessant, seier ein av deltakarane og samarbeidspartnarane, Millan Persdotter Persson, dagleg leiар i Proscen.

– Eit bransjetreff er nyttig med tanke på å bygge nettverk. Ein møter andre som driv med noko av det same, ein fin miks av skodespelarar, dansarar, produsentar og andre funksjonar i teatermiljøet.

At vi i tillegg fekk med oss ein festivaldag i Fjaler på tampen var sjølvsgagt ein bonus, seier Persdotter Persson, som også drar fram den gode maten i ete fysisst-regionen.

Ein av dei andre deltakarane, Lise Nøttseter ved Bergen Dansesenter, peiker på at bransjetreff kan fungere som ei bru mellom det frie scenekunstheltet og teaterinstitusjonane, og at dei gir næring til kvarandre.

– Institusjonane har eit ansvar for å ta vare på også dei uavhengige kunstnarane. Det er nyttig å ha ein personleg relasjon til den som er i andre enden av ei telefonlinje eller ein e-post. Då trur eg ein forstår kvarandre betre, seier ho.

Regionalt bransjetreff vart arrangert av Teater Vestland i samarbeid med Proscen, Bergen Dansesenter og Vestland krets av Norsk skuespillerforbund.



Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt grillar dei tre gjestene i panelet med spørsmål om Den kulturelle skulesekken. Frå venstre Kjell Moberg, Kari Ramnefjell og Øyvind Høstaker.

SEMINAR KULTURTANKEN

For første gong la Kulturtanken fagsamtalene sine utanfor egne lokale i Nydalen. Det heile starta med at Ragnhild Tronstad, fagansvarleg for scenekunst i Kulturtanken, las eit intervju i fagbladet Periskop, der teatersjefen snakka om utfordringar i Den kulturelle skulesekken.

Intervjuet gjorde såpass inntrykk at Tronstad plukka opp telefonen, og slik kom trepartsarbeidet i stand: Teater Vestland + Kulturtanken + Teaterfestivalen i Fjaler = sant.

– Vi er strålende fornøgde, seier Ragnhild Tronstad og held fram:

– Det gjekk knirkefritt, takka vere fantastisk innsats og hjelp med logistikk og programmering frå Teater Vestland og Teaterfestivalen i Fjaler, generøst lån av kommunestyresalen til Fjaler kommune og samarbeidet med Vestland fylkeskommune og Norsk scenekunstbruk. Vêret var nydeleg og det kunsatnarlege programmet på festivalen fabelaktig – og ikkje minst – maten eit kapittel for seg sjølv.

Kulturtanken arrangerte det årlege nettverksmøtet sitt med fagsamtalar om scenekunst i DKS i samarbeid med Teater Vestland, DKS Vestland, Teaterfestivalen i Fjaler og Norsk Scenekunstbruk.

SAMARBEID MED TEATERFESTIVALEN I FJALER

I år var samarbeidet med teaterfestivalen meir utstrakt enn tidlegare. Teateret bidrog fagleg, økonomisk og kunstnarleg, mellom anna med framsyninga Katteblues og utlån av utstyr som det ville ha kosta fleire hundre tusen kroner å leige, samt prosjekttilskot på kr 50 000 til barnesatsinga på Teaterfestivalen.

Mange trådar fletta seg saman opp mot årets teaterfestival og kulminerte i eit program proppfullt av barne- og ungdomsframsyningar: Teatersjef Grydeland Lundsholt si satsing på teater for barn og unge, Kulturtanken som la fagsamtalene sine hit og teaterfestivalen si programmering - håp som del av ein triologi - der det var naturleg å prioritere dei yngste, våre håpefulle.

– Vi hadde ein ambisjon om å nå alle born mellom 0 og 18 år i Fjaler, og det greidde vi på sett og vis. Vi nådde dei yngste med barnehageframsyningar.

Vi samla 700 skuleungar på teaterdag for barn, og ungdomsskuleelevane skapte ei festivalløype med hendingar saman med masterstudentane på KHIO. Vi arrangerte danseworkshop for ungdommar og hadde ein eigen ungdomsredaksjon under festivalen. Alt i alt enda vi med publikumsrekord på nærare 4000, seier Prestøy Lie.



Foto: Heidi Hatten

Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt saman med Miriam Prestøy Lie i Teaterfestivalen i Fjaler.

– Teaterfestivalen skal ha enorm kred for at dei tilpassa programmet og dermed gjorde det endå meir attraktivt for Kulturtanken å samle DKS-forumet i Dale. Så toppa Teater Vestland det heile med å arrangere bransjetreff; ein møteplass for skapande og utøvande scenekunstnarar i regionen, seier teatersjef Grydeland Lundsholt.

I sum får dette synergieffektar, også på lengre sikt: Nynorskhuset som skal stå innflyttingsklart neste år. Samvirke scene som er under oppbygging i Dale og samarbeid med Jakob Sande-senter for forteljekunst som gjer at det blir skapt nye tekstar.



SCENEKUNST FOR BARN OG UNGE

Ei særskilt satsing på scenekunst for barn og unge følgjer teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt i den første åremålsperioden hennar frå 2021 – 2024. Til grunn ligg ein premiss om at teateropplevingar for barn og unge skal vere likestilte tilbodet for vaksne.

Alle som bur i Teater Vestland sitt turne-område skal, uavhengig av alder, ha tilgang til scenekunst som underheld, overraskar, sjokkerer, rører eller set verda i perspektiv.

Etter terroren i Paris i 2015 føreslo dåverende statsminister Matteo Renzi å løyve 2 milliardar til beredskap. Den første milliarden blei føreslått til politi og militærberedskap, den andre til kultur. Dette fordi Renzi meiner at teater motverkar polarisering.

I 2022 har Teater Vestland

- Sendt 2 framsyningar for born ut på turné i Vestland fylke – ein hovudsceneproduksjon og ein bygdehusturné
- Turnert i DKS i Sunnfjord med Raudhette og ulven
- Starta opp teaterskule i Førde saman med Vestlandske Teatersenter

Samarbeidd med Sunnfjord kulturskule om teatertilbod for born:

- Gjennomført 2 veker med sommarteaterskule for born (1.-5. klasse og 5.-10. klasse)
- Gjennomført teaterskule i haustferien med scenekamp som tema
- Starta heilårleg teatertilbod for born
- Engasjert ungdommar som assistentar på teaterferietilboda

Å sjå teater utviklar empati, kreativitet, kommunikasjonsferdigheiter, kritisk tenking og kulturell bevisstheit. Teater gir også ei moglegheit til å utforske viktige sosiale og politiske problemstillingar og å engasjere seg i konstruktiv dialog om vanskelege tema.

Teateropplevingar utvidar verkelegheitsforståinga og set liv og samfunn i nye perspektiv. Teater Vestland er stolte av arbeidet vi har gjort for og med barn og ungdom i 2022. Satsinga visar att i fleire framsyningar for barn og unge kvart einaste år, i tillegg til eit kurstillbod for barn og unge der dei sjølve får prøve seg framfor, på og bak scena, og vi har som mål å utvide særleg tilbodet der born og ungdom er medverkande i åra som kjem.

TEATERSKULEN

Korleis hadde dei unge det under korona? Elevane på teaterskulen i Førde har laga stykket TEAMS om den isolerte tida. Manuset har dei skrive sjølve.

Elevane reflekterer rundt tida dei har vore gjennom, med pandemi, isolasjon og undervising på plattformen Teams. «Eg vil klemme, ikkje ringel Eg vil stå fjes mot fjes, ikkje skjerm mot skjerm!»

Vi tok utgangspunkt i situasjonar og handlingar som vi tenkte kunne fungere, og så sorterte vi ut ein del, seier to av elevane, Snorre Sørheim (13) og Jasmin Amelia Førde (11).

– Det er ikkje alt de deler?

– Nei, noko er rett og slett for mørkt.

Koronatida var fryketeleg kjedeleg. Innimellom var det fint å sleppe så mykje press på skulen, men det føttest som om venner sklei unna. Då vi kom tilbake på skulen, var ikkje banda like sterke. Det var vondt og forvirrande å oppdage, men heldigvis kom det seg etter ei stund.

Vi måtte jobbe for å finne tilbake til kvarandre.

– Korleis heldt de kontakten med kvarandre?

– Vi snakka mest på Teams og Snap. Dei som likar online gaming, snakka med kvarandre der. Men sat vi for mykje på telefonen, hende det at mamma eller pappa beslagla den.



Elevane i alderen 11-17 år frå heile Sunnfjord både skreiv og spelte i stykket Teams, som handla om å vere ung i koronatida.

Det blir uansett ikkje det same som å sjå kvarandre minst åtte timar om dagen.

Teaterskulen i Førde sine elevar i alderen 11-17 år frå heile Sunnfjord har i løpet av våren jobba i ein devise-basert prosess.

Det betyr at dei har skapt framsyninga frå start til slutt. Dei unge skodespearane har tatt av eigne personlege tankar og kjensler frå tida i covid-pandemien. Dei har laga ei original, personleg og autobiografisk science fiction-framsyning som viser eit utsnitt av ungdommane sine tankar om ei isolerende tid i liva deira. Sjølv profesjonelle skodespeararar kan kjenne på at det er krevjande å arbeide i slike devise-baserte prosessar.

At ungdomane i teaterskulen har gjort denne jobben, og det på såpass kort tid, er imponerende.





TEAMS

29. mai

Tal framsyningar: 2
Besøktal: 123

KUNSTNARLEG LAG

Idé, regi, manus, scenografi
& koreografi **Beth Ramfjord**
Lysdesign **Krystian Myska**
Lyd/teknikk **Robert Tomkiewicz**
Lysansvarleg/assistent **Ingrid Elise Eide**
Grafisk design **Tone Aarflot Løtuft**

Skodespelarar: **Jasmin Amelia Førde** | **Maja Wilhelmsen Solheim** | **Aisha Nurdeen** | **Snorre Sørheim** | **Emma Skudal Sunde** | **Amalie Heggheim Aamot** | **Margrete Slåtten** | **Hedda Solvåg Varøystrand** | **Ina-Marie Farsund-Gjerde** | **Emma Vårdal Skrøppa** | **Mia Viken** | **Tuva Birgitte Horstad** | **William Tetlie**

I løpet av fem månader våren 2022 skapte 13 elevlar på Teaterskolen i Førde framsyninga Teams om utfordringane med å vere ungdom i ein verdsomspennande pandemi. Elevane i alderen 11-17 år frå Førde, Vassenden, Naustdal, Eikefjord og Lavik jobba hardt som forfattarar og skodespelarar i dette devised-produserte stykket.

Produsert av Vestlandske teatersenter
i samarbeid med Teater Vestland



HEILÅRIG TEATERSKULE MED JULEFRAMSYNING I TEATERSALEN

PRINSESSA SOM IKKJE VILLE VERE PRINSESSE

Tal framsyningar: 7
Besøktal: 360

Elevane som vil vere elevlar

72 elevlar frå 3. klasse til og med vidaregåande er elevlar ved teaterskolen i Førde. Ei heil veke i byrjinga av desember spelte dei Prinsessa som ikkje ville vere prinsesse, kveld etter kveld.

Teater Vestland og Sunnfjord kulturskule samarbeider om å gi teaterskule til dei yngste. Det begynte med eit tilbod i haust- og vinterferien, og no er det blitt heilårig.

– Siste brikkja fall på plass då vi fann den naudsynte midlane til å tilsette Greta Pemberton som teaterskulelærer. Det har vore ein naturleg vekst, seier assisterande rektor ved kulturskolen, Anita Höllige.

Pemberton skryt av elevane.

– Eg valde Prinsessa som ikkje ville vere prinsesse fordi det er eit fleksibelt stykke med jamstore roller. Elevane imponerer meg. Dei går inn og ut av forskjellige roller og gjer ein enorm innsats; dei steppar inn når andre vert sjuke, og nokre pendlar to timar for å vere her, seier læraren som sjølv har kome flyttande til Førde frå New York saman med mannen som jobbar på sjukehuset.



Elevane spelte framsyning kveld etter kveld i ei heil veke.

Det er knapt fråfall av elevlar på teaterskolen. Det kan hende prinsessa ikkje vil vere prinsesse, men elevane vil i alle fall vere her.

– Ein blir betre kjend med dei andre elevane gjennom teater enn andre aktivitetar. Eg trur det er fordi vi spelar framfor folk vi ikkje kjenner, og vi er flinke til å backe kvarandre opp, seier elevane.

Sunnfjord Kulturskule:
Instruktør Greta Pemberton
Teateret bidrog med lys og nokre av kostyma og rekvisittane
Møblar på utlån frå NMS Gjenbruksbutikk





TEATERSKULE I HAUSTFERIEN: SCENEKAMP MED JEFF PEDERSEN

Dei brukte haustferien på teaterskulen

– Vi er så glade for å vere her. Så slepp vi å sitte inne og kjede oss heile dagen, sjå på TV og høyre på lydbøker, seier elevane på scenekampkurset som vi arrangerte i lag med Sunnfjord kulturskule i haustferien.

Nicolai Hauge Ravnstad (14), Emma Skudal Sunde (14), Ina-Marie Farsund-Gjerde (14) og Thea Skudal Sunde (11) fortel om opplevingane på teaterskulen.

Dei lærer meir enn scenekamp, fortel dei, og dei snakkar nesten i munnen på kvarandre når dei skal dra fram dei gode sidene med å bruke ferien på «skulen».

– Vi lærer å sosialisere. Og å tore å gjere feil. Vi får energi med ein gong vi kjem hit. Vi kan vere fjollete, vi kan vere oss sjølv, og det går bra. Jeff er ein veldig god lærar, seier dei.

Jeff Pedersen har over tjuve års erfaring med scenekamp og er kvalifisert som instruktør i kickboksing, fekting og scenekamp. Nyleg regisserte han kampscenene i Heddapris-nominerte Romeo og Julie på Det Norske Teateret, og tidlegare har han regissert scenekamp for The Philadelphia Story ved Old Vic Theatre og Company for Southwark Playhouse. Han har også laga scenekamp for Sony Playstation-spel.

Jeff er nøye på å formidle ansvaret som ligg i å lære seg desse teknikkane. Dei er meint for scena og skal ikkje brukast på opa gate eller i skulegården. Scenekamp ser voldsomt ut og kan skremme folk. Så då elevane runda av kurset med å «ta over» Førdehuset, var det med Jeff trygt til stades.



Elevane lærte meir enn berre scenekamp. Å tore å gjere feil mellom anna. Det fortel dei i dette intervjuet.

Dei «slåst» i foajeen, på do, i kantina og på biblioteket. La oss kalle det ein kamp for kulturen.

– Eg er utruleg imponert over kor dyktige elevane har blitt på så kort tid, seier teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt.

– Det gjer meg så glad at dei trekker fram det sosiale og det at dei får vekse og utvikle seg. Spesielt no etter pandemien ser vi kor viktig det er med kurs, og at dei unge får kome saman og få kunnskap i proffe rammer, seier teatersjefen.



TEATERSKULE I SOMMARFERIEN



Elevane frå 5. til 10. klasse framførte fleire låtar frå musikalen Cats i Skywalken i Førde sentrum.

VEKE 25 (5.-10. KLASSE)

Dagane var fylte med teater, dans, stemmebruk, lagging av kostyme og sminking av kvarandre til framsyning. Med utgangspunkt i den kjende musikalen Cats vart songane Jellicle Cats og Memory vist på Skywalken i Førde sentrum.



VEKE 31 (1.-5. KLASSE)

I løpet av veka øvde elevane inn ei framsyning som vart synt for foreldre, vener og familie siste kursdag. Det vart lagt vekt på å ha det moro og å lære mest mogleg, samt kjenne meistring og å få mange vener i prosessen.

Instruktør **Beth Ramfjord**
Samarbeid med Sunnfjord Kulturskule



TEATER OG DIGITALISERING I

Hausten 2021 starta Teater Vestland (TVL) for alvor utforskinga av teater og ny teknologi. TVL inviterte Nordland Teater (NT) med i prosjektet. Teateret ønskte ny kunnskap og å utforske nye måtar å jobbe på.

Ny teknologi har alltid ført teateret i nye retningar. Det er mange som seier at Shakespeare skreiv aktene sine like lange som dei lengste stearinlysa i samtida, slik at dei kunne byte ut stearinlysa mellom aktene når dei spelte på slottet. Då lyskastarane kom, revolusjonerte det kunstforma vår. I vår tid utviklar teknologien seg raskare enn i nokon annan tidsperiode i menneskeheitas historie.

Teater og digitalisering I var difor ei utforsking av kva verktøy som er tilgjengelege og ei kartlegging av moglegheiter. Prosjektet var lagt opp med både fysiske samlingar og digitale møteplassar.

Gjennom ein Open Call inviterte TVL og NT med seg fem scenekunstnarar i prosjektet: Mari Hesjedal (scenograf, dramatikar og regissør), Frode Gjerløv (regissør og skodespelar), Raymond Corrado Knutsen (skodespelar), Nini Kjeldner (regissør) og Viola Otilie Tømte (skodespelar).

Målet var tredelt:

1. Kartleggje digitale moglegheiter og teste verktøy i forhold til kunstnarlege uttrykk og drift
2. Oppleve verk som nyttar ny teknologi
3. Gjere djupdykk i emne via fagkompetanse og diskusjon

Det eittårige prosjektet vart gjennomført med støtte frå Utvikling Kulturinstitusjonar og avslutta i 2022. Teater og digitalisering I var særskild vellukka, og difor gjekk Teater Vestland og Nordland Teater vidare med eit nytt prosjekt.



TEATER OG DIGITALISERING II

Hausten 2022 fekk Teater Vestland og Nordland Teater tilslag på 800.000 kroner frå Utvikling Kulturinstitusjonar for å jobbe vidare med teater og ny teknologi. Prosjektet vart starta i 2022 og skal avsluttast i 2023.

Målet for Teater og digitalisering II er fleirdelt:

1. Arkivering av scenekunst. På kva nye måter kan vi arkivere augneblinkens kunstform?
2. VR som kunstnarleg verktøy i prosess/VR og 360°. Vi skanner eigne scener og spelestadar og testar ut scenografiar tilpassa scenene både i kunstnarleg arbeid før framsyning og i planlegginga av turnéar.
3. AR som sjanger og form. Vi opplever AR som eit digitalt verkemiddel med stort potensial i teateret.
4. Éi framsyning hausten 2023. Eit av måla var å finne ein teknologi som teatera kan bruke i ein samproduksjon Kunnskapen opparbeidd gjennom Teater og digitalisering I og II munnar ut i ei framsyning dei to teatera imellom, som tar i bruk AR, hausten 2023.

Definisjon av AR og VR:

AR (auka røynd) er ei digital oppleving som blir bygd oppå den fysiske verda. Alle sansesinntrykk blir ikkje erstatta, slik som ved VR (virtuell røynd). I staden blir det lagt eit lag med digitalt innhald oppå verkelegheita.

Denne gjengen testa VR-briller under ei samling på Teater Vestland: Viola Otilie Tømte (skodespelar), Nini Kjeldner (regissør), Raymond Corrado Knutsen (skodespelar), Frode Gjerløv (regissør og skodespelar) og Birgitte Strid (teatersjef på Nordland Teater).



NYNORSKHUSET

Samarbeidet mellom NRK, Firda og Teater Vestland heldt fram i 2022 med full styrke. Dette året var merksemda retta mot detaljprosjektering av sjølve bygget – mange store og små avgjerder vart tekne i fellesskap, og styringsgruppa i Nynorskhuset hadde tett kontakt med faste møter gjennom heile året. Styringsgruppa fann felles verktøy og la planar for best mogleg organisering av klynga.

Vi har utvikla fellesskapen vår både fagleg og sosialt. Å skape eit større arbeidsmiljø med takhøgde for diskusjon og meiningsbrytning har vore, og er viktig, for å styrke organisasjonane i Nynorskhuset, og vi har gjennom året samlast på ulike måtar både fagleg og sosial gjennom m.a. innhaldsutvikling, konseptutvikling foajé, arbeid i styringsgruppa og gjennom sosiale treffpunkt.

Teateret har brukt mykje tid på å lande avtale med serveringsaktør i Nynorskhuset. Dette er viktig for alle partar, men særskilt for teateret er det å ha servering i huset sentralt for å skape eit godt tilbod til publikum.

Sist, men ikkje minst, har vi gjennom året arbeidd med å planlegge ei storstilt opning i september 2023.

Takk til våre gode samarbeidspartar og vener i NRK, Firda, Nynorsk Avis senter og Nynorsk Mediesenter. Takk òg til både huseigar Storehagen Eigedom og entreprenør Åsen & Øvrelid for godt samarbeid.

Styringsgruppa består av Margunn Grytten Selvik (Teater Vestland), Cecilie Grydeland Lundsholt (Teater Vestland), Svein Atle Huus (Firda), Kai Aage Pedersen (Firda), Terje Gilleshammer (NRK Vestland) og Dag Olav Mosevoll (NRK Vestland).



2017

- 05.09.2017**
Arve Sandal og Terje Gilleshammer stiller på møte med SoFt ved Bodil Kvamme, Rasmus Mo og Margunn G. Selvik. Ideen om Nynorskhuset var presentert for teateret
- 06.12.2017**
Møte med fylkeskommunen ved Tore Eriksen og Jenny Følling. Rasmus Mo og Arve Sandal presenterte idéen

2018

- 03.07.2018**
Presentasjon av innkomne skisser av Nynorskhuset frå interesserte utbyggjarar til Førde Formannskap
- 06.07.2018**
Arve Sandal presenterer planane om eit Nynorskhuset i Førde for kulturminister Trine Skei Grande når ho var i Førde
- 10.08.2018**
Første møte i styringsgruppa
- 11.08.2018**
Avtale om prosjektleiing med Helgaro as - Oddvar Flæte
- 25.09.2018**
SoFt søker fylkeskommunen og kommunen om auka driftsstøtte
- 02.11.2018**
Vedtak i bystyret i Førde kommune
- 14.11.2018**
Vedtak i fellesnemnda for nye Sunnfjord kommune
- 04.12.2018**
Vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane
- 21.12.2018**
Arkitektfirma 4b engasjert

2019

- 01.01.2019**
Avtale om prosjektleiing med Vidsyn rådgiving as ved Jan Øhickers
- 28.01.2019**
Vedtak S&Fj Fylkeskommune løyve prosjektmidlar forprosjekt
- 05.02.2019**
Vedtak Førde bystyre løyve prosjektmidlar forprosjekt
- 01.03.2019**
Søknad til Kulturdepartementet om løyving til Nynorskhuset
- 01.03.2019**
Vedtak Førde bystyre
- 07.05.2019**
Styret i Sogn og Fjordane Teater handsamar forstudie om Nynorskhuset
- 19.09.2019**
Styret i Sogn og Fjordane Teater vedtek og sender søknad til eigarane om deltaking i Nynorskhuset
- 26.09.2019**
Vedtak Førde bystyre
- 05.10.2019**
Statsbudsjettet 2020. Framlegg om 1 MNOK til teateret og Nynorskhuset
- 08.10.2019**
Vedtak Sogn og Fjordane fylkeskommune

2020

- 21.02.2020**
Samarbeidsavtalen signert. Avtalen gjeld førbuing, konkurranse og gjennomføring
- 31.03.2020**
Handelshuset leverer prekvalifiseringsdokumentasjon
- 10.09.2020**
Start tingingar med Handelshuset AS

2021

- 15.02.2021**
Endeleg tilbod om leige i Nynorskhuset vedteke i TVL sitt styre
- 20.04.2021**
Leigeavtale godkjent og signert
- 11.11.2021**
Riving på tomt (Firda Billag-garasje)
- 10.12.2021**
Samarbeidsavtale om drift og innhald i Nynorskhuset godkjent og signert

2022

- 30.01.2022**
Dato for offisiell opning og nynorskskonferanse landa
- 29.11.2022**
Naudsynte ekstra-løyvingar til husleige inne på statsbudsjettet
- 09.12.2022**
Overordna konsept for fellesarealet på plass
- 11.12.2022**
Nynorskhuset er tett

NYNORSK SCENESPRÅKSENTER


Tanken om eit scenespråksenter for nynorsk går tilbake til 2020, og Teater Vestland har sidan då søkt Kulturdepartementet om fullfinansiering av eit slikt senter.

I 2023 flyttar teateret inn i Nynorskhuset saman med NRK Vestland, Mediehuset Firda, Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avisssenter. Vi meiner at det å utvikle eit nært og godt samarbeid mellom desse tre institusjonane, som på kvart sitt vis tilbyr etterutdanning der nynorsk står sentralt i formidlinga, vil vere særskild viktig for utvikling av nynorsk som scenespråk. Det vil vere naturleg å utforske nye innovative måtar å nytte nynorsk på – på tvers av flatene radio, TV, avis og teater.

I 2021 fekk Teater Vestland løyvd 1 million til arbeidet med å utgreie og etablere Nynorsk scenespråksenter. I 2022 starta for alvor arbeidet med å verkeleggjere senteret. I styremøte 20. september 2022 gjorde styret i Teater Vestland dette samrøystes vedtaket: «Teater Vestland har mål om å opprette Nynorsk scenespråksenter i Nynorskhuset i Førde.» Etter styrevedtaket oppretta teateret ei styringsgruppe bestående av teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt og direktør Margunn Grytten Selvik.

Dei sette ned ei prosjektgruppe leia av Terje Lyngstad. Han er utdanna lektor og arbeider i dag som lærar ved Fagskulen Vestland, studiestad Førde. Lyngstad var teatersjef ved Sogn og Fjordane Teater (Teater Vestland frå 1.1.2020) frå 2004 til 2015 og Hordaland Teater (Det Vestnorske Teateret frå 1.1.2020) i 2016.

For Teater Vestland har han sett om ei rekke stykke til nynorsk, frå bokmål, skandinaviske språk og engelsk. Han har òg ansvaret for å følgje opp skodespelarane i det praktiske arbeidet med nynorsk og scenespråk.



Med seg i prosjektgruppa har Lyngstad hatt Eldbjørg Lognvik. Ho er utdanna lektor og logoped og er i dag fast knytt til Nationaltheatret som språk- og stemmepedagog. Lognvik har mange års røynsle som stemmepedagog ved Teaterhøgskolen, Kunsthøgskolen i Oslo, og har undervist ved Det Multinorske Teater (Det Norske Teatret). Ho har i ei årrekke halde stemmekurs, drive stemmebehandling og har rettleia i stemmebruk både innanfor film og teater og i private og offentlege verksemdar. I 2015 gav Lognvik ut «Publikum på alle kantar», ei lærebok i stemmebruk og språkovergang (Lognvik, 2015).

Styringsgruppa presenterte eit mandat for utarbeiding av rapporten til prosjektgruppa i september 2022. Kva for behov finst for eit scenespråksenter både hos skodespelarane og teatera? Kva er samfunnsoppdraget til eit scenespråksenter? Gitt at det skal etablerast eit scenespråksenter, skal rapporten gi tilrådingar på desse punkta: Fagleg innhald, organisasjonsstruktur, finansiering og budsjett, samarbeid, opptak og marknadsføring.

Rapporten skal vere ferdig utarbeidd i mars 2023.

SMÅTT OG STORT

Med fylkessamanslåing i 2020 fekk teateret utvida turneområde. Vi har tre turneruter – hovudscene, bygdehus og blackbox – og det å bygge opp publikum i det nye fylket er nybrottsarbeid på langs. Vi lukkast ikkje med å auke løyvingane til meir turné i 2022, og vi vil halde fram dette arbeidet i 2023.

TURNESTRATEGI: OPNING AV NYE SPELESTADER I «GAMLE» HORDALAND

Voss, Ullensvang og Osterøy vart offisielt opna som nye, faste spelestadar på turnerutene våre. Opninga vart feira med talar, snorklipping, ballongar og to teaterstykkje på éin kveld: Katteblues og Send storm. I tillegg fekk arrangørane overlevert eit skilt til å henge opp, som viser at dei er fast spelestad. Desse tre husa vil jamt og trutt få kvalitetsteater på besøk: Gamlekinoen på Voss, Odda Kino og bygdehuset Kongshall på Valestrand.

NYTT BILLETTSYSTEM

I 2022 skifta Teater Vestland billettsystem og gjekk frå Ticketco til Eventim. Eventim er eit system som mange teater i Norge nyttar. Bakgrunn for denne endringa var at teateret trengte meir oversikt over billettsalet og tettare oppfølging på support. Det er også eit system som gir gode mogleheiter i marknadsføringa. Teateret vil framleis ha eit delt billettsystem på turne, der kulturhusa som teateret turnerer i har billettsalet gjennom kulturhuset sitt eige DX-system.

eventim

PERSONALTUR TIL FLÅM

I 2022 reiste teateret på personaltur til Flåm. Dette var ei lunsj til lunsj samling der tilsette kombinerte arbeid og sosialt samvær med togstur på Flåmsbana og sykkelturn.



Kongshall på Osterøy er ny, fast spelestad. Snora blei høgtidleg klipt før framsyning.



Gamlekinoen på Voss er ny, fast spelestad. Det blei feira med ballongar – og solskin.



Teater Vestland-gjengen på gå- og sykkelturn i fjellheimen i Sogn.




Odda kino er ny, fast spelestad. Alle dei nye spelestadene fekk skilt til å henge opp.

Å VESTLAND, VESTLAND NÅR VI SER DEG SLIK

I 2022 fekk 25 kommunar i Vestland fylke besøk av Teater Vestland, fordelt på 41 ulike spelelokale. Dei raude prikkane har vi besøkt med hovudsceneproduksjonar i kulturhus og idrettshallar. Dei svartane prikkane har vi besøkt med grendehusframsyningar på turneruta vi kallar «Hus vi er glade i». Og dei tofarga prikkane har fått både i pose og sekk.

Turen har gått langs snirklete vegar med og utan gulstripe. Over fjell og gjennom fjell, attmed fjordar og gjennom trolske skogar, og om bord i ferjer som rir på bølgekammene. Lasta har blitt pakka ut og pakka inn, og raust har vi dryst smil og tårer over innbyggjarane. I 45 år har vi frakta teater ut til små og store tettstadar rundt omkring i heile fylket, og med fylkessamanslåinga i 2020 fekk vi endå større turneområde.

- Hovudscene
- Grendahus



STATISTIKK

Framsyingar og publikumstal	Besøktal	Framsyingar	Avlysningar	Formidlingsarrangement
Eigenproduksjonar				
Gratis og uforpliktande verdivurdering	1145	18	5	1
Katteblues	596	24	0	0
Send storm	908	30	0	0
Kinnaspelet	1908	3	0	0
Lilla	635	18	0	0
Bondetinget	1437	36	3	1
Raudhette og ulven	3399	21	0	4
Grevinnen og hovmesteren	1165	27	0	0
Samproduksjonar				
Are Kalvø toppar VG-lista (Vestland)	1551	11	2	0
Are Kalvø toppar VG-lista (Stand up Norge)	3130	11	2	0
Are Kalvø toppar VG-lista (Det norske teatret)	6113	36	0	0
Gjestespel				
Hybris	266	2	0	1
Samarbeidsprosjekt				
Teaterdryss: Teams	123	2		
Teaterfestivalen i Fjaler Barneframsyning	1467	10		
Teaterskule veke 25	145	1		5
Teaterskule veke 31	65	1		5
Anna aktivitet/digitale tal				
Arrangørsamling	6			1
Fast speleplassfest	80			3
Lesegledarar BVD	125			6
"Å spele på nynorsk" Kurs i dialektovergang	14			1
Fagseminar DKS	50			1
Bransjetreff	14			1

Nøkkeltal 2022

Tal framsyingar	251
Totalt publikum	24 342
Tal publikum på egne produksjonar	13 459
Tal publikum samarbeidsprosjekt	10 833
Tal publikum på eiga scene	3 998
Tal publikum på turne	8 715
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	12 727
Tal formidlingsarrangement	30
Tal publikum på formidlingsarrangement	855
Tal framsyingar på eiga scene	51
Tal framsyingar på turne	145
Tal kommunar besøkt i Vestland	25
Tal ulike spelelokale totalt	41

STYRET SIN ÅRSRAPPORT 2022

Teater Vestland er eit tradisjonsrikt regionteater med godt omdøme og langsiktige eigarar som styrer etter kjerneverdiane “modig, engasjert og inkluderande”. Som regionteater gjer Teater Vestland scenekunst av høg kvalitet i nynorsk målform og på vestnorske målføre, tilgjengeleg for innbyggjarane i Vestland fylke.

Som turnéteater driv Teater Vestland (TVL) teaterverksemd i store delar av Vestland fylke og i 2022 nådde TVL ut til innbyggjarane i 25 ulike kommunar i fylket med 251 framsyningar, vitja 41 ulike spelelokale og presenterte 7 eigenproduksjonar. På Teater Vestland si heimescene i Førde vart det vist 51 framsyningar og samla besøkstal i 2022 var 24 342. Av desse er 13 459 frå eigne produksjonar, medan 10 833 skriv seg frå produksjonen vi gjorde i samarbeid med Riksteatret, Det Norske Teatret, Teaterfestivalen i Fjaler og Kulturskolen i Sunnfjord.

I starten av 2022 baud pandemien framleis på utfordringar, ei veke av hovudscene turneen blei avlyst grunna covid i ensemblet. Besøkstal etter vårsesongen var ferdigspelt viste at publikumsoppslutninga ikkje er tilbake slik den var før pandemien. På bakgrunn av dette gjorde TVL grep for å sikre forsvarleg drift, m.a. ved å redusere tal spelestadar på ein turné og utsetje eit prosjekt til 2023. Kor store endringar i publikum si åttferd koronapandemien vil føre til veit vi ikkje, men vi er overtydde om at med målretta arbeid vil TVL vende den negative trenden frå pandemiåra.

Å utvikle nye publikumsgrupper krev strategisk satsing over tid, og i tråd med overordna strategiplan utførte TVL i 2021 ei befolkningsundersøking. Den grundige analysen frå dette arbeidet som Norsk Publikumsutvikling gjorde, ligg til grunn for arbeidet med å nå nye publikumsgrupper.

Teater Vestland held fram med å produsere teater i variert format og har i 2022 halde fram med den nye turnéruta «Hus vi er glad i», som går til grendehus og bygdehus. Å reise i ulike format til ulike spelestadar er eit viktig verkemiddel for å nå nye publikumsgrupper.

Også i 2022 har TVL nære samarbeidspartar som vi er stolte over å samprodusere, eller på andre måtar samarbeide med; Det Norske Teatret, Riksteatret, Nordland Teater, DKS Vestland, Teaterfestivalen i Fjaler, Folkeakademiet, Norsk Skuespillersenter, Sunnfjord kulturskule, Førdehuset og Vestlandske Teatersenter.

2022 går inn i historia som det siste året TVL held til i Førdehuset og har vore fylt av opp og nedturar knytt til Nynorskhuset. Etter stor skuffelse over manglande løyving til Nynorskhuset ved forslag til statsbudsjett i oktober, var gleder desto større etter at siste del av løyvinga kom på plass i desember. Prosjekteringsarbeidet er no på oppløpsida og Teater Vestland set pris på godt samarbeid med byggeigar Storehagen Eigedom og lokal entreprenør Åsen & Øvrelid. Innflytting er planlagt til mai 2023 og offisiell opning i september 2023. Nynorskhuset er sentralt for å sikre fornying og utvikling av Teater Vestland, og ei av hovudoppgåvene til styret i 2023 er å sikre at overgangen til Nynorskhuset let seg gjennomføre utan for stor belastning på organisasjonen.

2022 var Cecilie Grydeland Lundsholt sitt andre år som teatersjef og ho har levert svært gode resultat både innan dei kunstnariske områda og som leiari for verksemda. Styret merkar seg den auka interessa omgjevnadane har for teateret og er svært nøgd med det synlege arbeidet teatersjefen gjer. Styret ynskjer også å trekkje fram arbeidet direktør Margunn Grytten Selvik har lagt ned som prosjektleiar for Nynorskhuset. Styret takkar teatersjefen og medarbeidarane for innsatsen i 2022.

Styret takkar òg for godt samarbeid med tilskotspartane og eigarane.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2022 syner eit overskot på kr 682 196. Billetinntektene var kr 1 944 539 og samla driftsinntekter var kr 3 507 932. Styret sitt framlegg er at dette overskotet blir lagt til opptent eigenkapital. Eigenkapitalen til teateret vert då per 31.12.2022 i overkant av 5,9 millionar kroner.

Teateret har innskotsbasert pensjonsordning og ny AFP-ordning. Forplikingane i den lukka offentlege pensjonsordninga har i 2022 vore i Storebrand der premien for året på kr 1 012 036 har blitt belasta premiefondet som per 31.12.22 har innestående kr 8 107 195. Pensjonskostnadene vert ført etter kontantprinsippet i tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter, og er omtalte i eigen note (nr. 4) i årsrekneskapen. I 2022 har det partssamansette utvalet om pensjon i teatersektoren komme til einigheit om pensjonsordning, og selskapet vil framover ha to pensjonsordningar; innskotspensjon og hybridpensjon.

Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda.

Teatersjefen har gjort eit solid arbeid med å søkje tilskot til ulike satsingar, og særskilt gledeleg er det at Kulturrådet løyvde kr 800 000 til vidare arbeid med “Teater og digitalisering”, eit forskingsprosjekt i teater og ny teknologi som TVL gjer i samarbeid med Nordland Teater. Tilskotet er ei forlenging av løyving av kr 400 000 i 2021. Det er oppløftande å registrere vilje og evne til å prioritere teateret sine prosjekt med særskilte løyvingar. Ikkje alle prosjektmidlar tildelt i 2021 og 2022 er brukt, men alle tilskot og gåver er godkjent for utsetjing, og løyvingane har enten fått utsett tildeling eller er ført som kortsiktig gjeld i balansen og vil bli nytta til formålet i 2023.

ORGANISASJON, LEIING, LIKESTILLING OG ARBEIDSMILJØ

Teateret hadde 22 fast tilsette og to personar på åremål i 2022. Gjennom året var det engasjert vikarar og frilanspersonale som til saman utgjorde 4,2 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2022 var 28,2.

Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt fullførte sitt andre år som teatersjef dette året, og styret er særns nøgde med at Grydeland Lundsholt i juni 2022 takka ja til tilbodet om å halde fram i stillinga for åremålsperioden 2025 - 2028. Totalt sjukefråvær i 2022 var 582 dagar som svarar til 7,9 % av total arbeidstid. Av dette er korttidsfråvær 5,3 %. Dette er om lag same fråvereprosent som i 2021. Teateret har særskilte interne rutinar for oppfølging av sjukemelde og har som mål å legge til rette for at flest mogleg kan stå i arbeid med god tilrettelegging. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykke hos personalet i 2022.

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teateret arbeider systematisk for å redusere risiko og legge til rette for eit godt arbeidsmiljø, og har interne rutinar for varsling og handtering av avvik. Vidare arbeider teateret under ordninga med inkluderande arbeidsliv (IA) og har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova. Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet ved teateret. Det er lagt til grunn tydelege presiseringar i interne retningslinjer og null toleranse for all form for trakassering og diskriminering.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 13,5 årsverk kvinner og 14,7 årsverk menn.

Av vitskapeleg og kunst- og kulturfagleg personale brukte teateret 7,3 kvinnelege og 9,9 mannlege årsverk i 2022. Styret består av tre menn og to kvinner. Av vara-medlemmene til styret er 4 kvinner og 3 menn. Ved tilsetning prøver teateret å utjamne eventuell ubalanse mellom kjønna.

EIGEDELAR

TVL leiger administrasjons-, prøve- og verkstadlokale i Førdehuset av Sunnfjord kommune. Leigeavtalen med kommunen gjeld til og med 2023, men er sagt opp grunna ny husleigeavtale med Storehagen Eigedom om leige av areal i Nynorskhuset. TVL planlegg å flytte ut i mai 2023 men leiger lokala i Førdehuset tom juli 2023.

Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret mot at teateret gjer vedlikehald av bygningen. Huset vert nytta som bustad til engasjert, tilreisande personale. Teateret leiger òg eit fjernlager i Førde.

Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde, ein lastebil og ein person/varebil. Elles leiger teateret fleire transportmiddel og bustader der det er behov for det.

Investeringsbehov vert vurderte kvart år i samband med budsjettarbeidet. Scena i Førde og trosseriggen til turné vert sertifiserte kvart år. Anna teknisk utstyr i teateret sitt eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2022.

Teateret låner ut teknisk utstyr, kostyme og lokale til lag, organisasjonar, skular og teatergrupper. Teateret sitt personale bidreg òg med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillige lag.

BEREKRAFT OG MILJØ

I 2021 starta Teater Vestland arbeidet med eigen strategi for berekraft. Dette arbeidet har dessverre lidd under arbeidet med Nynorskhuset, som i ein liten administrasjon har lagt band på administrative ressursar. Like fullt har TVL lukkast med, i 2022, å starte pilotprosjektet «grønn scenografi» til prosjektet Send Storm, som var ei viktig erfaring og ein milepæl i berekraftsarbeidet. Det viktige arbeidet med forankring er godt i gang, og styret ser fram til å følgje arbeidet med berekraft vidare i 2023.

Teateret har i all si verksemd mål om ikkje å ureine miljøet og TVL rettar seg etter Norsk Teater og Orkesterforening (NTO) sitt «grønt vegkart for kultur».


SELSKAPSFORM OG STYRET

Teater Vestland er organisert som aksjeselskap og har ein aksjekapital på kr 100 000,- bestående av 10 aksjar à kr 10 000. Alle aksjane har like rettar og er fordelte med åtte aksjar hos Vestland fylkeskommune og to aksjar hos Sunnfjord Kommune.

VIDARE DRIFT

Styret si vurdering er at Teater Vestland har overhalde føresetnadane knytte til dei offentlege tilskota på ein framifrå måte og både resultat og oppnådde mål er tilfredsstillande. Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 22. februar 2023



Asmus Mic
styreleiar



Rune Hegrenes
nestleiar



Cecilie Grydeland Lundsholt
teatersjef/dagleg leiar



Seneca Sabanovic
styremedlem



Marion Aas Wie
styremedlem

Digital signatur

Frank Willy Djuvik
styremedlem

PERSONALE, STYRE OG VARA

LEIING

Lundsholt, Cecilie Grydeland *Teatersjef*
Selvik, Margunn Grytten *Direktør*

PRODUKSJON

Nybø, Anders *Produksjonssjef*
Thorne, Theodor Wilhelm *Teknisk sjef*
Røsandhaug, Kenneth *Teknisk sjef og turnéleggjar*
(slutta 01.06.22)
Høstaker, Frida Aven, *Turneprodusent/
Prosjektrådgjevar Nynorskhuset*
Hjelmen, Torbjørn, *Turneprodusent (01.01.-30.06)*
Schwanitz, Christina *Inspisient*
Ramsfjord, Beth Anita *Amatørteaterkonsulent*

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Grande, Lene *Informasjons- og marknadssjef*
Wie, Marion Aas *Marknadsrådgjevar*
Mjelleli, Kjell *Sal/marknad*
Hattestein, Heidi *Informasjonsrådgjevar*
(engasjement)

ADMINISTRASJON

Hukset, Reinert *Økonomi-
og administrasjonsarbeidar*
Digernes, Lillian *Reinholdar*

TEKNISK PERSONALE

Eide, Tore *Teknikar*
Furevik, Kjell *Snikkar og teknikar*
Herland, Odd Magne *Teknikar*
Horne, Halldor *Sveisar og teknikar*
Myska, Krystian *Lysdesignar og lysteknikar*
Ringdal, Synnøve *Rekvisitør*
Støfring, Reidun *Rekvisitør og teknikar*
Tomkiewicz, Robert *Lyd og AV-ansvarleg*
Wingård, Anna *Kostymeansvarleg*
(permisjon 01.01-05.06)
Vikøren, Kristina *Kostymeansvarleg (vikariat)*

KUNSTNARLEG PERSONALE

Skodespelarar faste
Losnegård, Idun
Ottersen, Kyrre Eikås

REGISSØR/KOREOGRAF/DRAMATURG

Alisøy, Oda *Regissør*
Byrne, Alex *Regissør*
Kongshav, Linn Meyer *Regissør*
Lie, Miriam Prestøy *Dramaturg*
Lotherington, Martin *Regissør*
Lundsholt, Cecilie Grydeland *Regissør*
Moe, Aslak *Dramaturg*
Nilsen, Ingrid Weme *Dramaturg*
Sandsund, Torkil *Regissør*
Teigen, Bjørnar *Regissør*
Topp, Elisabeth *Regiassistent*
Ulfsby, Erik *Regissør*

ENGASJERTE SKODESPELARAR

Berge, Reidun Melvær
Furseth, Carina
Gulliksen, Per Bogstad
Kalvø, Are
Mackenzie, Katrine Lunde
Nødtvedt, Harald
Lauvås, Peder
Sæter, Rune
Søreng, Benedicte
Watn, Bård
Wiig, Anne

MANUS

Eikemo, Marit
Fiske, John
Fosse, Jon
Kalvø, Are
Losnegård, Rolf
Lundsholt, Cecilie Grydeland
Sande, Jakob
Sandsund, Torkil

OMSETJING

Hesjedal, Mari
Lyngstad, Terje

VISUELL DESIGN

Horn, Per Willy *Lysdesignar*
Lotherington, Mari *Scenografi og kostymedesignar*
Myska, Krystian *Lysdesignar*
Sandsund, Torkil *Visuelt uttrykk*
Stranger, Marianne *Visuell konsulent*
Walstad, Unni *Scenografi og kostymedesignar*

MUSIKK/LYD

Dahlstrøm, Harald *Musikar*
Grønborg, Tobias *Komponist*
Hall, Gregory *Komponist*
Hammer, Arne *Musikar*
Jørgensen, Per Janke *Komponist*
Losnegård, Viljar *Musikar og komponist*
Mjanger, Henning Hodne *Musikar*
Prestø, Rolf *Musikar*
Sletner, Ståle *Musikar*
Stranger, Marianne *Komponist*
Watn, Bård *Musikalsk ansvarleg*
Wyrzt, Jakob *Musikar og musikalsk ansvarleg*

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Dahle, Rebecca *Kostyme*
Fjeldstad, Ingvill *Kostyme*
Gjerløw, Frode *Digitaliseringsprosjekt*
Hesjedal, Mari *Digitaliseringsprosjekt*
Hocking, Thomas *Teknikar*
Kjeldner, Nini *Digitaliseringsprosjekt*
Knutsen, Raymond *Corrado Digitaliseringsprosjekt*
Keane, Frida Noris *Inspisient/sufflør*

Lognvik, Eldbjørg *Kurshaldar*
Lyngstad, Terje *Språkkonsulent*
Mulen, Laila *Reinhald*
Nordheim, Thomas *Teknikar*
Parasochka, Polina *Sminke/frisør*
Pedersen, Jeff *Instruktør teaterskule*
Pedersen, Jenny *Inspisient*
Pemberton, Greta Carol *Assistent*
Røsandhaug, Henriette V. *Reinhald*
Sandal, Kristin *Inspisient*
Selvik, Johanne *Adm. medarbeidar*
Syversen, Hugo *Kostyme*
Szczyпка, Joanna Dorota *Rekvisitør/Reinhald*
Tjønneland, Jan *Teknikar*
Tømte, Viola *Othilie Digitaliseringsprosjekt*
Øren, Jonas *Dansar*

SAMARBEIDSPARTAR

Bergen Dansesenter
Det Norske Teatret
DKS Vestland
Førdefestivalen
Førdehuset
Jakob Sande senteret for forteljarkunst
Kinnaspelet
Kulturtanken
Nordland Teater
Norsk Scenekunstbruk
Norsk Skuespillersenter
Proscen
Sunnfjord kulturskule

Teaterfestivalen i Fjaler
Teatret Vårt
Turneteatret i Trøndelag
Vestland krets av Norsk skuespillerforbund
Vestlandske Teatersenter

STYRET

Rasmus Mo *Styreleiar* – Vestland fylkeskommune
Rune Hegrenes *Nestleiar* – Sunnfjord kommune

Medlemmar

Senea Sabanovic – Vestland fylkeskommune
Frank Willy Djuvik – Vestland fylkeskommune
Marion Aas Wie – Teater Vestland

Varamedlemmar

1. varamedlem **Hanne Oftedal**
– Vestland fylkeskommune
 2. varamedlem **Lise May Sæle**
– Vestland fylkeskommune
 3. varamedlem **Bjørn Harald Haugsvær**
– Vestland fylkeskommune
Varamedlem **Åsmund Berthelsen**
– Sunnfjord kommune
1. varamedlem **Idun Losnegård**
– Teater Vestland
 2. varamedlem **Reidun Støfring**
– Teater Vestland
 3. varamedlem **Krystian Myska**
– Teater Vestland

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2022	2021
Billett og programsal		1 944 539	751 145
Anna inntekt	1	1 300 966	433 200
Driftstilskot	2	31 834 427	31 348 928
Sum driftsinntekter		35 079 932	32 533 273
Materialkostnad		829 838	902 681
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		2 068 989	1 307 010
Kostnad vedk. lokale	3	2 264 570	2 166 657
Lønskostnad	4, 5	22 696 689	22 332 580
Avskrivning	6	579 942	718 746
Annen driftskostnad	6	5 929 666	5 022 182
Sum driftskostnader		34 369 694	32 449 855
Driftsresultat		710 238	83 417
Renteinntekt		26 021	10 551
Rentekostnad		-54 063	-50 614
Årsresultat		682 196	43 355
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		682 196	43 355
Sum disponert		682 196	43 355

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2022	2021
EIGEDELAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	7	600 000	600 000
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	6	4 921 250	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	6	1 422 937	1 824 492
Sum varige driftsmiddel		6 344 187	6 745 742
Finansielle anleggsmidler			
Sum anleggsmiddel		6 944 187	7 345 742
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	8	625 403	251 256
Andre fordringar	9	22 421	39 085
Sum fordringar		647 824	290 341
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	8 319 582	5 844 204
Sum omløpsmiddel		8 967 406	6 134 545
SUM EIGEDELAR		15 911 593	13 480 287

	Note	2022	2021
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	11, 12	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	11	5 845 519	5 163 323
Sum opptjent egenkapital		5 845 519	5 163 323
Sum egenkapital	11	5 945 519	5 263 323
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		634 333	1 180 176
Skuldige offentlege avgifter		1 635 522	1 493 036
Anna kortsiktig gjeld	13	7 696 216	5 543 752
Sum kortsiktig gjeld		9 966 071	8 216 964
Sum gjeld		9 966 071	8 216 964
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		15 911 590	13 480 287

Førde, 22. februar 2023



Rasmus Moe

styreleiar



Rune Hegrenes

nestleiar



Cecilie Grydeland Lurdshoit

teatersjef/dagleg leiar



Senea Sabanovic

styremedlem



Marion Aas Wie

styremedlem

Digital signatur

Frank Willy Djuvik

styremedlem

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2022

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leverings-tidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstids-punktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige drifts-middel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande.

Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader.

Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Immaterielle eigendelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigen-delar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigendelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/ pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjons-ordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Spesifikasjon av anna inntekt

	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	19 100	21 000
Andre inntekter og tilskot	1 281 866	412 200
Sum	1 300 966	433 200

Note 2 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten*	-22 940 000	-21 660 000
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune*	-7 373 571	-7 228 928
Ordinært tilskot Sunnfjord kommune*	-2 457 856	-2 460 000
Periodiserte driftstilskot vedkomande Nynorskhuset.	937 000	-
Sum	-31 834 428	-31 348 928

*) Delar av driftstilskotet er øymerka Nynorskhuset, og er periodisert i tråd med påløpte kostnader. Kr. 937 000 er periodisert og kjem til reduksjon av inntektsført tilskot i 2022.

Note 3 Leigeavtalar

	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	1782 799

Note 4 Pensjon

Teateret har ei innskotsbasert pensjonsordning og ei tariffesta AFP-ordning (usikra). AFP-forpliktelsen er ikkje regnskapført som gjeld. Begge ordningane blir finansiert gjennom premieinnbetalingar. Teateret si pensjonsordning tilfredstiller krava i lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	266 680	267 304
Pensjonspremie til innskotsordning	1 375 004	1 414 591
Eigenandel pensjon tilsette	-240 007	-237 482
Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
Netto pensjonskostnad i år	1 401 677	1 444 413

*) Selskapet har i 2022 dekkja den årlige premien til den lukka ytelsesbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr. 1 012 036 frå premiefondet.

Innestående på premiefond per 31.12 er kr 8 107 195

Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	19 178 524	18 326 880
Arbeidsgjevaravgift	2 229 867	2 154 016
Pensjonskostnader	1 401 677	1 444 413
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-728 399	-42 732
Andre lønsrelaterte ytingar	615 020	450 004
Sum	22 696 689	22 332 580

Det har vore 22 fast tilsette og 2 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	977 152	157 040
Anna godtgjersle	11 858	

Pr 31.12.22 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar

Note 6 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personalusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygningsinnreing	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	100 000	2 696 069	516 574	3 536 427	1 751 032	13 521 352
Tilgang				89 987	88 399		178 385
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 696 069	606 561	3 624 826	1 751 032	13 699 737
Akk. avskrivningar 31.12.			2 321 859	390 572	2 892 088	1 751 032	7 355 551
Balansført verdi pr. 31.12.	4 921 250	100 000	374 210	215 990	732 738	-	6 344 186
Avskrivningar i år	-	-	148 767	90 818	340 357	-	579 942

Note 7 Immaterielle eiendeler

Immaterielle eiendelar gjeld balanseførte kostnader til prosjekt Nynorskhuset fra 2019. Bokført beløp er 600 000. Prosjektkostnadane avskrivast ikkje i 2022. Teateret fekk i 2019 kr. 270 000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane.

Note 8 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	623 448	155 551
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	1 955	95 706
Kundefordringar 31.12.	625 403	251 256

Note 9 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	22 421	39 085
Periodisering inntekter	0	0
Kortsiktig lån tilsette	0	0
Sum	22 421	39 085

Note 10 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	1 008 819	890 982

Note 11 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	5 163 323	5 263 323
Resultat i år		682 196	682 196
Eigenkapital 31.12	100 000	5 845 519	5 945 519

Note 12 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærene per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	2 609 812	2 156 790
Påløpne kostnader	826 895	589 962
Periodisering av tilskot/gåvemedlar	4 259 509	2 797 000
Sum	7 696 216	5 543 752

Note 14 Gjeld

Gjeld sikra med pant	I år	I fjor
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	0	0

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 3 mill.



Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Teater Vestland AS som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, aleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Førde, 22. februar 2023
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PricewaterhouseCoopers AS, Nausdalsvegen 1B, NO-6800 Førde
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



TURNÉKART FOR TEATER VESTLAND

● Hovudscene ● Grendahus

Førdehuset, Angedalsvegen 5, 6800 Førde Tlf.: 909 90 600

post@teatervestland.no teatervestland.no

Grafisk utforming: Univerket • Trykk: Printfarm